



Vår dato:

01.02.2019

Vår ref:

2018/11069

Dykkar dato:

30.10.2018

Dykkar ref:

Miljødirektoratet  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

Kontakt saksbehandlar  
Per Kristian Austbø,

## Svar på oppdrag supplerande vern fase I

**Fylkesmannen har på oppdrag frå Miljødirektoratet vurdert behovet for avgrensa supplerande vern etter naturmangfaldlova §§ 35, 36, 37 og 38. Det er identifisert 62 større og mindre område og del-område, i samsvar med målsettingar og føringar for arbeidet. Områda er spreidd over det meste fylket. Nasjonalpark, landskapsvern, naturreservat og biotopvern er alle aktuelle verneformer.**

Vi syner til Miljødirektoratet sitt brev av 30.10.2018 til fylkesmennene, med oppdrag om å starte det konkrete arbeidet med supplerande vern fase I. Dette med bakgrunn i oppdragsbrev av 10.09.2018 frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet. Fylkesmennene har frist til 01.02.2019 med å levere svar på oppdraget. Arbeidet er ei oppfølging av St.meld. 14 (2015-2016) *Natur for livet*.

Fylkesmennene skal identifisere aktuelle område som er eigna til å oppfylle skisserte mål for det supplerande vernet. Supplerande vern etter naturmangfaldlova kan omfatte verneformene nasjonalpark, landskapsvern, naturreservat og biotopvernområde. Likeins kan det vere aktuelt med endringar av verneform og/eller endra avgrensing for eksisterande verneområde, når dette betre tilfredstiller føresetnadane for supplerande vern. Samstundes skal det vurderast om avgrensa delar av verna vassdrag treng auka vern etter naturmangfaldlova. Skog og marine område skal ikkje inngå i supplerande vern-fasen.

Miljødirektorat skal deretter ta ei samla vurdering av dei aktuelle områda, inklusiv ei generell overordna vurdering av samfunnsøkonomiske konsekvensar. Miljødirektoratet skal så sende vurderinga til Klima- og miljøverndepartementet.

I fase II avgjer departementet, på bakgrunn av direktoratet si vurdering, det totale omfanget av dei kommande supplerande verneplanane.

## Føringar for oppdraget

I samsvar med oppdragsbrev har vi nyttar eksisterande kunnskapsgrunnlag. Vidare har vi følgt føringane i oppdragsbrevet frå Miljødirektoratet; inklusiv følgjande målsettingar:



- Alle naturtypar skal vere tilstrekkeleg representert i norske verneområde
- Områda skal bidra til å sikre trua artar og naturtypar
- Områda skal bidra til at naturverdiane blir meir robuste i høve klimaendringar og andre negative påverknader.
- Eksisterande og nye verneområde skal samla sett i størst mogleg grad utgjere eit funksjonelt økologisk nettverk.

I tillegg har vi lagt til grunn rapporten *Forslag til plan for supplerende vern. Miljødirektatets anbefalinger* (2017); spesielt oversiktane over mangefullt dekka vernebehov for naturtypar i Rogaland, samt fokus på Ramsar-lokalitetar på Jæren.

## Grunngjeving vernebehov i Rogaland

Vedlagt følger kartfiler og registreringsskjema som utgjer våre konkrete innspel for fase I. I område som grenser inn i nabofylke har vi samrådd oss med aktuelle fylkesmenn (FM Agder og FM Vestland).

Samanfatta har vi identifisert følgjande område:

Verneform	Antal område	Areal dekar	Merknad
Nasjonalpark (NP)	2	199279	1 ny NP, 1 endra verneform frå LVO til NP
Landskapsvern (LVO)	23	789507	21 nye områder, 2 endra avgrensing eksisterande LVO
Naturreservat (NR)	30	17032	28 nye områder, 2 endra avgrensing
Biotopvern (BV)	7	5578	7 nye områder

Vi har såleis avdekt eit betydeleg behov for supplerande vern i Rogaland; alt frå nasjonalpark og større landskapsvernområde, til små utvidingar av eksisterande Ramsar-reservat. Ei rekke verneverdige område og del-område er utelate som følgje av skog, føringar om minimum arealstørrelse, og grad av manglante dekning av vern i regionen (representativitet).

I den grad det likevel er parti med skogpreg inne i nokre av dei utpeikte områda så er det i hovudsak glissen attgroing av lauvskog, eller einskilde og avgrensa bestandar som vi ikkje ser som aktuelle for frivillig skogvern. For å ivareta naturleg samanhengande landskapsrom, og såleis føremålstenlege grenser, vil spesielt landskapsvern og nasjonalpark måtte inkludere nokre slike areal.

### Kysthei/kystlynghei

Alle semi-naturlege naturtypar i låglandet og boreal hei høgare oppe er enten sårbare, sterkt trua eller kritisk trua i Rogaland, av ulike grunnar.

Kysthei er representert ved to eksisterande verneområde. Synesvarden LVO ligg 6 km frå kysten, omgitt av intensivt jordbruksareal, noko som betyr auka nitrogennedfall frå luft inne i verneområdet. Førland-Sletthei LVO ligg langt inne i landet i Lund kommune, omgitt av skog og fjell. Det er såleis klar underdekning av dei meir kystnære variasjonane av kysthei.



Kysthei er godt kartlagt i Rogaland og det peiker seg ut ein del A-område som bør vurderast verna. Dette er leveområde for ei rekke trua artar som til dømes klokkesøte (VU) og hubro (EN). Klokkesøte har ei sørvestleg utbreiing med tyngdepunkt i Rogaland. Klokkesøte blir påvirkta negativt av nitrogennedfall og trivs derfor best i heirområda langs kysten i Dalane der jordbruksdrift er ekstensiv og meir spreidd. I nord (Karmøy) er det store førekomstar av purpurlyng som er ein karakter-art for oseanisk lystlynghei. Purpurlyng er ikkje på raudlista, men vil forsvinne dersom kystlyngheiene gror igjen. Hubro trivs i dei opne kystheiene som den bruker som jaktområde og til hekking. Endringar i naturtypen (gjengroing, nedbygging, fragmentering) vil så negativt ut for hubro og ei rekke andre sårbare og trua rovfugl. Det er aukande interesse regionalt og lokalt for å ta vare på kystlyngheiene, noko Fylkesmannen og Miljødirektoratet støtter aktivt.

Vi har presentert eit etter måten høgt tal landskapsvernombraade med kysthei. Dette som naturleg følgje av at Rogaland står i ei særstilling i landet; både i arealomfang av naturtypen, sørvestleg posisjon, og dessutan særsmakta omfattande sauebeite (god skjøtsel). Områda er differensiert i to kategoriar: Godt egna og Middels godt egna.

Blant dei «Godt egna» vurderer vi områda på Karmøy (kystheia) og langs kysten i sør-fylket i ei særstilling, med til dels internasjonal verdi. Desse tyngdepunkta for kysthei representerer forskjellige og såleis utfyllande typar av kysthei i ulike landskapsrom.

### Hav og kyst

Som nevnt ovanfor framstår vestkysten av Karmøy kystberg og strender, og kyst-strekke i Dalane som klart verneverdige etter alle kriteria landskap, naturtypar og artar. Her er det tilrådd landskapsvern.

Den eigenarta og sterkt eksponerte klippekysten i sør-fylket finnes knapt elles i Noreg, så langt vi kjenner til. På Karmøy utgjer kystlandskapet ein markert del av den geologisk klassiske strandflateutforminga som strekk seg vidare nordover i landet. Strendene mellom Åkra og Syre på Karmøy inneholder heilt uvanleg rike flora- og fauna-verdiar, med ei rad trua artar.

Vi har og spelt inn einskilde verneverdige grunnmarine, sjønære naturtypar i nord-fylket, med viktige undervassenger og rik fauna og flora.

### Fjord- og fjellandskap

Det er berre få område igjen i Rogaland som har areal som ligg meir enn 5 km frå tekniske inngrep. Kraftleidningar, vegar, hyttebygging, vassdragsregulering og no potensiell vindkraftutbygging truer de siste restar av etter måten mindre påverka villmark. Villmarksområda i fjellregionen er viktige for trua artar som villrein, fjell- og lirype og ei rekke andre trua fauna-artar.

Samtidig er det gamle kulturspor som fornminne og nyare kulturminne, som driftevegar, stølar og stølslandskap. Dette er med på å løfte landskapsvern og evt. nasjonalparkar i verdi.

Lysefjorden med omkringliggende Frafjordheiene og Prekestolen/Jørpelandsheiene utgjer, saman med indre fjordstrøk ved Skaulen/Saudaheiene, landskap av nasjonal og internasjonal verdi. Områda har etter vår vurdering nasjonalpark-kvalitetar. Dei samanhengande naturgradientane frå fjord, via frodige og vassrike dalsider og boreal hei opp til alpine område, gir grunnlag for ei lang rekke naturtypar og artar i eit velutvikla og avgjerande økologisk nettverk. Desse områda vil i sin storlek og glidande overgangar vere robuste ved klimaendringar.

Eksisterande Frafjordheiene landskapsvernombraade var i St. meld. Nr. 52 (1991-92) *Ny landsplan for nasjonalparkar* framheva som aktuell som ny nasjonalpark. Prekestolområdet og Frafjordheiene



med mellomliggende Lysefjorden utgjer eit storslått og samanhengande storskala-landskap med stor verneverdi. Betydninga og potensiale for nasjonalt og internasjonalt friluftsliv og reiseliv er etter vårt syn svært stor.

Skaulen/Saudaheiene representerer meir indre fjord- og fjellstrøk, som vestleg og oseanisk forlenging av store verneområde (med villrein) austover i fjellområda. Vegetasjonen er dårleg kartlagt, men fauna-verdiane er uvanleg store og med ei rekke trua artar. Også dette område har store friluftsliv-verdiar, med mellom anna Skaulen som ikonisk fjell.

Kvitladalen – Bjordalen er eit område som tilfredsstiller alle krav til supplerende vern som landskapsvernombord. Det ligg i nedslagsfeltet til verna Bjerkreimsvassdraget, har trua naturtypar og artar, kulturminne, særskilt vakkert vassdrag i Kvisladalen, og utgjer eit av få område i Rogaland med større areal meir enn 5 km frå inngrep.

Det finns skog spreidd i dei aktuelle landskapsverneområda, men skogsområde som i seg sjølv kan være aktuelle for frivillig vern er utelatne. Fylkesmannen har generelt prøvd å unngå mest mogleg av drivverdig skog, men for nokre av landskapsverneområda (og nasjonalparkar) blir det ikkje føremålstenleg med ei avgrensing som heilt utelukkar enkelte bratte skogkledde dalsider, glissen bjørkeskog i høgareliggende mindre dalar o.l. Dømer på dette er naturlege landskapsrom for dei foreslalte områda Viglesdalen og Kvitalden - Bjordalen. Verdien av uforstyrra landskap er stor, ikkje berre i nasjonal samanheng, men også i internasjonal samanheng. Den økonomiske verdien for reiselivet kan etter vårt syn vanskeleg overvurderast.

### Naturbeitemark

Naturbeitemark er ein type kulturmark som er avhengig av ekstensiv drift, beite og rydding. I Rogaland er det registrert ein del lokalitetar som tilfredsstiller A-verdi, men svært få er omfatta av vern. Naturbeitemark er typisk naturtype for Kvitsøy og Ryfylkeøyane, men finns spreidd over heile fylket som avgrensa areal i eit elles intensivt jordbruksområde. Tilstanden varierer frå svært god til dårleg. Naturbeitemark er under sterkt press. Oppdyrkning, oppgjødsling, for sterkt beite og gjengroing truer naturtypen i fylket. Fylkesmannen ser behovet for å ta vare på de mest artsrike og best egna lokalitetane. Dei inngår derfor i nokre av dei utpeikte landskapsvernombord.

### Våtmark

I Rogaland er det verna 31 område som våtmarksreservat. En rekke av disse er lokalitetar i Ramsar-området *Jæren Våtmarkssystem*. Mange av desse er rike kulturlandskapssjøar. Rogaland er såleis etter måten godt representert av denne naturtypen. Likevel omfattar vernet berre sjølv vassflata og fungerer derfor etter måten avgrensa økologisk sett som eit vern av våtmarkslokalitetar. Kantsona og tilgrensande udyrka areal bør inngå dersom områda skal ha ein ønskeleg økologisk funksjon.

Derfor er det foreslått ein del utvidingar av eksisterande våtmarksområde, dei fleste knytt til RAMSAR-lokalitetar, der det framleis finns tilgrensande våtmarks-areal eller udyrka og ugiødsla beite. Det er også foreslått vern av nokre få lokalitetar, som ikkje kom med i tidlegare vernerundar. Ein del er små, men vil samla sett kunne fungere som funksjonelle i eit økologiske nettverk (cluster-effekt). Alle våtmarksområda er trua av gjengroing, forureining med næringsstoff og invasjon av framande artar.

### Myr

Det er framleis nokre område av myr (minst 50 da og A-verdi) som ikkje er dyrka i låglandet. Dei er viktige som hekkeplassar, rastepllassar og område for næringssøk for fugl og pollinerande insekt,



innafor eit storskala-økologisk nettverk. FM meiner vern er naudsynt for å redde dei siste restane av denne regionalt sjeldne naturtypen.

Større myrflater i indre strøk er berre i liten grad fanga opp av eksisterande vern (Øyastølsmyra NR i Hjelmeland er den einaste). Nokre av disse myrflatene er allereie dyrka opp og andre er trua av oppdyrkning. Andre myrer ligg i gamle stølslandskap og er aktuelle for vern i større landskapsvernområde.

### **Verna vassdrag**

Det har vore krevjande i finne verneverdige restbiotopar langs dei verna vassdraga våre, spesielt i låglandet. Dette som følgje av at tilgrensande areal til elveløp er sterkt prega av landbruksaktivitet, bygningar og infrastruktur. Gjenværande naturverdiar er sterkt utsett for ytterlegare arealtiltak. Det er derfor klart behov for å verne nokre av desse; dels som biotopvern og dels som naturreservat.

Eit spesielt unntak som stort areal er den høgareliggende Kvitladalen – Bjordal i Berkreimsvassdraget, med store verneverdiar som mogleg landskapsvernområde.

Med helsing

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernsjef

Per Kristian Austbø  
Ass. fylkesmiljøvernsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg som eigen oversending:  
Kartfiler  
Arbeidsskjema lokalitetar